



Kommunal- og regionaldepartementet  
Postboks 8112 Dep.  
0032 OSLO

## Høyring - forslag til endringar i kommunelova og enkelte andre lover (eigenkontrollen i kommunane m.m.)

### Generelt

Bakgrunnen for høyringa er ei utgreiing frå ei arbeidsgruppe som fekk i oppgåve å føreslå tiltak for å styrke eigenkontrollen i kommunane. Utdanningsforbundet er nøgd med at departementet kjem med forslag til å styrkje den kommunale eigenkontrollen. Vi vil likevel sterkt understreke at styrking av den kommunale eigenkontrollen ikkje kan erstatte behovet for statleg tilsyn.

Utdanningsforbundet meiner det må vere ei nasjonal oppgåve å sikre likeverd og kvalitet i tilbudet av grunnleggjande velferdstenester. Kommunar og fylkeskommunar har eit lovfesta ansvar for fleire av desse viktige samfunnsoppgåvene. Statleg tilsyn er ein nødvendig rettstryggleiksgaranti på viktige velferdsområde. Det er nødvendig at kommunane blir underlagt statleg styring, tilsyn og kontroll for å fremme nasjonale mål.

Hovudutfordringa er å finne eit balansepunkt for det statlege tilsynet som både tar omsyn til statens behov for styring og lokalt handlingsrom for kommunane. Utdanningsforbundet er einig med arbeidsgruppa i at ein må få til eit samspel mellom statleg tilsyn og den kommunale eigenkontrollen. Fylkesmannen bør difor samarbeide med kommunane om planlegging og gjennomføring av tilsyn og halde seg orientert om planar og resultat i den kommunale eigenkontrollen.

Utdanning og opplæring er et område av stor nasjonal tyding. Eit likeverdig og inkluderande skuletilbod og barnehagetilbod med høg kvalitet krev nasjonal styring, nasjonale standardar og god tilgang på ressursar. Det må følgjast opp med nasjonalt tilsyn frå statlege myndigheiter.

### Kommentarar til nokre av framlegga i høyringsnotatet

## **Handsaming av statleg tilsynsrapportar i folkevalde organ**

Utdanningsforbundet er einig med arbeidsgruppa i at samspel mellom statleg tilsyn og eigenkontrollen må gå to vegar. Kommunane bør sørge for å lære mest mogleg av det statlege tilsynet. Eit føremålstenleg og målretta statleg tilsyn kan vere eit viktig bidrag til eigenkontroll og kvalitetsutvikling i kommunane.

Vi støttar tilrådinga frå utvalet om at kommunane bør sørge for at tilsynsrapportar blir behandla på ein eigna måte i dei folkevalde organa i kommunen. Departementet viser til at denne tilrådinga ikkje er retta mot departementet, men er eit råd til kommunane. Utdanningsforbundet meiner at departementet bør følgje opp denne tilrådinga rettleiingsarbeidet overfor kommunane.

## **Krav om at sekretariatet skal vere ubunde av revisor og administrasjon**

Utdanningsforbundet støttar framlegget om å forskriftsfeste prinsippet om at kontrollutvalet sitt sekretariat skal vere ubunde av revisor og administrasjon.

## **Avgrensing av kven som kan vere sekretariat for kontrollutvalet**

Vi er einig i at forskrifta bør slå fast at korkje medlemmer av kontrollutvalet eller medlemmer av kommunestyret kan vere sekretær for kontrollutvalet. Dette er grunnlagt i både i kvaliteten på sekretariatstenestene og i behovet for å hindre rollekonfliktar.

## **Tidspunkt for val av kontrollutval**

Departementet foreslår å sikre rett samansetning i av kontrollutvalet og andre folkevalde organ, ved å lovfeste at kontrollutvalet skal veljast før andre utval og nemnder, dvs. på det konstituerande møtet saman med formannskap og ordførar. Departementet foreslår også å ta inn i lova ein regel om at kontrollutvalet i likskap med kommunestyre og fylkesting, formannskap og fylkesutval trer i kraft frå det konstituerande møtet. Utdanningsforbundet er einig i framlegga.

## **Valbarheit til kontrollutvalet**

Utdanningsforbundet støttar framlegget om ei presisering i lovteksten av at medlemmer av kommunestyrekomitear og fylkestingskomitear ikkje kan sitte i kontrollutvalet.

Utvalet tilrår at leiarar og styremedlemmer i kommunalt åtte selskap ikkje skal kunne sitje i kontrollutval. Det same gjeld ikkje for tilsette.

Departementet viser til at dette er eit spørsmålet om korleis ein skal vege mellom omsynet til rolleklårleik og omsynet til prinsippet om at folkevalde verv bør vere opne for flest mogleg av innbyggjarane. Praktiske omsyn kjem óg inn. Departementet meiner at habilitetsreglane er tilstrekkeleg til å sikre rolleklårleik for kontrollutvalsmedlemmer og følgjer ikkje tilrådinga frå utvalet. Utdanningsforbundet er ueinig i dette og meiner at lova må presisere at leiarar og styremedlemmer i kommunale selskap ikkje kan sitje i kontrollutval. Det vil vere den beste måten å sikre at kontrollutvala er uavhengige.

## **Talet på medlemmer i kontrollutvalet**

Departementet foreslår at minste tall for medlemmer i kontrollutval skal aukast frå tre til fem. Ein ønskjer aktive kontrollutval som også nyttar høvet til å ta opp forhold som kjem fram gjennom tips, oppslag i media osv. Utdanningsforbundet er einig i at det kan vere grunn til å tru at aktiviteten og kapasiteten til kontrollutvala kan vere påverka av kor mange medlemmer utvalet har, og støtter framlegget.

## **Opne møte i kontrollutvalet**

Utdanningsforbundet meiner at møte i folkevalde organ prinsipielt bør ver opne så langt som råd. Lukking av møte bør berre skje når det ligg føre tungtvegande grunnar som tilseier lukking. Vi støttar forslaget om å spegelvende regelen, slik at møte som hovudregel skal vere opne. Vi er einige i at kontrollutvala har ikkje behov for eigne lukningsheimlar. Både omsynet til personvern og offentlege interesser er godt sikra i kommunelova § 31.

## **Særskilte rettar for mindretalet i kontrollutval**

Arbeidsgruppa er delt i synet på om det er tenleg å gi eit mindretal i kontrollutvalet rett til å krevje at revisor skal gi ei vurdering av ei sak eller ei hending.

Utdanningsforbundet er einig med departementet i at ein ikkje bør innføre særskilde rettar for mindretalet. Undersøkingar tyder på at det er eit svært lite problem at eit fleirtal i kontrollutvala overkøyrer eit mindretal. Sjølv om det kan tenkjast situasjonar der mindretalsrettar vil vere tenlege, bør ein vere varsam med å innføre særskilde rettar for mindretal når det er eit grunnleggjande demokratisk prinsipp at saker vert avgjorde med alminneleg fleirtal. Framlegget om at møta i kontrollutvalet som hovudregel skal vere opne, gjer det óg mindre aktuelt å lovfeste rettar for mindretalet.

## **Kven skal ha fleirtal i kontrollutvalet**

Det er ingen føringar i kommunelova om kven som skal ha fleirtalet i kontrollutvalet. Arbeidsgruppa har vurdert om mindretalet i kommunestyret eller fylkestinget bør ha fleirtalet i kontrollutvalet. Departementet følgjer arbeidsgruppa sitt syn, og meiner at dette spørsmålet ikkje er eigna for lovregulering. Etter formannskapsmodellen er det prinsipielt ikkje noko klårt skilje mellom posisjon og opposisjon. Sjølv om det kan vere enklare å lovregulere dette for kommunar som er parlamentarisk styrte, meiner arbeidsgruppa og departementet at kommunane vil ordne dette sjølve dersom dei ser seg tente med ei slik ordning. Utdanningsforbundet er samd i dette.

## **Kontrollutvalets tilgang til lukka møte i kommunestyret**

Utdanningsforbundet støttar framlegget om å forskriftsfeste kontrollutvalet sin rett til å vere til stades i lukka møte i kommunestyret, og samtidig forskriftsfeste at kommunestyret eller fylkestinget kan fatte vedtak om å avgrense denne retten anten i forskrift eller som vedtak i enkeltsaker.

## **Heimelen til å dispensere frå utdanningskravet til revisoren**

Departementet foreslår å oppheve heimelen for å gi dispensasjon frå utdanningskrava i revisjonsforskrifta. Utdanningsforbundet støttar framlegget.

## **Kvitvaskingslova**

Kvitvaskingslova har til formål å førebyggje og avdekke transaksjonar med tilknytning til økonomisk kriminalitet og terrorhandlingar. Utdanningsforbundet er einig i at oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor for kommunar og fylkeskommunar får rapporteringsplikt etter kvitvaskingslova.

## **Krav om overordna analyse som grunnlag for plan og selskapskontroll**

Høyringsnotatet viser til at den store auken i talet på selskap som kommunen eig aleine eller saman med andre, gjer det særskilt viktig at selskapskontrollen er ein verksam del av eigenkontrollen. Utdanningsforbundet støttar framlegget om å forskriftsfeste at planen for selskapskontroll skal baserast på ei overordna analyse av kommunen eller fylkeskommunens eigarskap ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar.

## **Krav om rapportering av internkontroll i årsmeldinga**

I dag er det ikkje noko krav i lov eller forskrift om at administrasjonssjefen skal rapportere til kommunestyret om internkontrollen, til dømes i årsmeldinga. Arbeidsgruppa tilrår at eit krav om årleg rapportering til kommunestyret bør takast inn i kommunelova. Utdanningsforbundet er einig i tilrådinga frå arbeidsgruppa og er uroa over at departementet meiner det bør være opp til kvart kommunestyre å vurdere om administrasjonssjefen skal rapportere om dette arbeidet.

## **Kommunale føretak – internkontrollen til dagleg leiar**

Utdanningsforbundet er einig med arbeidsgruppa i at det ikkje bør vere tvil om at internkontrollansvaret til dagleg leiar i kommunale føretak er like omfattande som ansvaret til administrasjonssjefen. Vi støttar framlegget frå departementet om å tydeleggjere i lova at dagleg leiar skal sørge for at føretaket vert drive i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar, og at han har ansvar for internkontrollen i føretaket.

## **Kontrollutvalets rett til innsyn i selskap**

I gjeldande rett er innsynsreglane ulike for interkommunale selskap etter IKS-lova og for interkommunale selskap etter kommunelova § 27. Departementet foreslår ei lovending der formålet er at alle selskap som er heileigde av kommunen/fylkeskommunen eller kommunar/fylkeskommunar, enten direkte eller indirekte gjennom dotterselskap i eit eller fleire ledd, skal vere omfatta av reglane. Det same gjeld aksjeselskap som er eigd indirekte gjennom eit interkommunalt selskap. Vi sluttar oss til framlegget.

## **Bør omgrepa om selskapskontroll klargjerast?**

Utdanningsforbundet meiner at det ikkje er tilstrekkeleg at kommunane sjølve kan fastsetje dei nærare rammene for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskapa sine, og meiner at departementet bør fastsetje reglar om innhaldet i selskapskontrollen og korleis ein slik kontroll skal gjennomførast.

## **Opne møte i styret i kommunale føretak**

Utdanningsforbundet er samd i at openheit i kommunar og fylkeskommunar er med på å skape tillit til kommunal verksemd og å styrkje lokaldemokratiet. Kommunale føretak er ein del av kommunen. Det er derfor viktig at også desse delane av kommunal verksemd vert drivne på ein tillitvekkjande måte. Vi sluttar oss til framlegget om å spegelvende regelen slik at styremøte i kommunale føretak som hovudregel skal vere opne. Reglane i offentleglova som gir høve til å lukke møte i saker som gjeld kommunens privatøkonomiske disposisjonar på visse vilkår, skal då gjerast gjeldande også for dei kommunale føretaka.

## **Val av tilsette til styret i kommunale føretak**

Departementet viser til at det i lova berre står at styrerepresentantar for dei tilsette skal veljast av dei tilsette, og ikkje av og blant dei tilsette. Sidan det ikkje er grunn til å tru at dette var meininga da Stortinget sist handsama lova, foreslår departementet å ta inn i lova at styrerepresentantar for dei tilsette skal veljast av og blant dei tilsette. Utdanningsforbundet støttar denne presiseringa i lovteksten.

## **Avgrensingar i høvet til å finansiere investeringar med lån når investeringa gir rett til momskompensasjon**

Utdanningsforbundet er einig i at reglane bør hindre at kommunar og fylkeskommunar utilsikta kjem i ein situasjon der utgifter som etter kommunelova ikkje kan finansierast med lån, som til dømes aksjar eller eigenkapitalinnskott, indirekte blir lånefinansierte gjennom momskompensasjon for lånefinansierte investeringar. Vi sluttar oss difor til framlegget til endringar i kommunelova § 50 nr. 1.

## **Avdrag på likviditetslån og trekkrettar**

Departementet foreslår å fjerne regelen om at likviditetslån og likviditetstrekkrettar skal vere gjort opp seinast når årsrekneskapen blir fastsett. Utdanningsforbundet er einig i at denne reguleringa er overflødig når andre reglar, særleg kravet om økonomisk balanse, regulerer likviditetsutviklinga over tid.

## **Lov om interkommunalt selskap – endringar i visse føresegner om økonomiforvaltninga i selskapet**

Utdanningsforbundet er einig i at det må vere eit mål å ha eit samanhengande regelverk mellom lov om interkommunale selskap og kommunelova. Høyringsnotatet peikar på at endringane i kommunelova gjer det nødvendig med nokre endringar i lov om interkommunale selskap for å sikre dette. Vi har ingen merknader til desse endringane.

**Inndelingslova. Samansetjing av fellesnemnda**

Utdanningsforbundet har ingen merknader til framlegga om endringar i inndelingslova.

Med vennleg helsing  
for Utdanningsforbundet

Torbjørn Ryssevik  
seksjonssjef

Per Arne Sæther  
seniorrådgiver